




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Haram vidaregåande skule

Årsmelding skoleåret 2024–25



Innholdsliste

1. Rektor har ordet	2
2. Nøkkelopplysningar om skolen	3
2.1 Organisasjonen	3
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	4
2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1	5
3. Læringsmiljø	6
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	6
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	7
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	7
4. Skoleårsresultat	9
4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring	9
4.2 Karaktersnitt	11
4.3 Fråvær	12
4.4 Elevar som har slutta	13
4.5 Overgangar	14
5. Leiing og profesjonsutvikling	15

1. Rektor har ordet


Skuleåret 2024–2025 hadde Haram vidaregåande skule 248 elevar og 48 tilsette. Skulen har vore gjennom store endringar i leiinga dette året, der 2 av 4 leiar blei pensjonistar. Leiinga på skulen bestod i 2. termin av 3 personar. Dette medførte stort arbeidspress, men det var også med på å finne nye og meir effektive måtar å arbeide på. Endringane i organisasjonen har vore krevjande, men lærerik.

Haram vidaregåande skule hadde skuleåret 2024–2025 138 elevar innanfor studiespesialiserande (ST) og 110 elevar på yrkesfag (YF). YSK elevane blir talde inn på yrkesfag dei to første åra og studiespesialiserande dei to siste åra. Kombinasjonen mellom YF og ST er viktig for skulen, og den er viktig for skulen sitt mangfald både hos elevar og lærarar. Satsinga på internasjonalisering er også viktig for å tiltrekke seg elevar til skulen og for å gi elevane erfaringar som dei kan ta med seg vidare i livet. Alle elevar som går på Haram vidaregåande skule får tilbod om å delta i eit internasjonaliseringsprosjekt, og nesten alle innanfor ST gjer dette. Innanfor YF deltek om lag 50 % av elevane i ein internasjonaliseringsprosess.

I årsmeldinga til Haram vidaregåande skule vil ein bli kjent med statistikken til skulen for skuleåret 2024–2025, og i dette avsnittet vil eg kommentere ein del av denne statistikken. Det første eg vil kommentere er at elevane som tar Vg2 ST utland ikkje er med i statistikken, skulen hadde 13 elevar i Skottland dette året. Det andre ein kan trekkje fram er at elevane på skulen i år er hovudsaklege 1. ønske søkjarar, det trur vi har ført til betre gjennomføring og at skulemiljøet blir opplevd som rolegare enn året før. Det siste eg vil trekke fram er at pengane skulen har fått gjennom samfunnskontrakta «betre gjennomføring» har ført til at det har vore enklare å tilpasse opplæringa til enkelt elevar med ulike utfordringar.

2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen



Tal på årsverk pedagogisk tilsette	41
Tal på årsverk i leiarstillingar	4
Tal på årsverk andre tilsette	3

Haram vidaregåande skule var igjennom eit krevjande skuleår i organisasjonen. I løpet av skuleåret blei 50 % av leiinga bytta ut på grunn av endringar og pensjon, og ein var midlertidige tilsett I andre termin hadde skulen ikkje avdelingsleiar innanfor språk, samfunnsfag og økonomi. Haram vidaregåande skule hadde til saman 48 tilsette i skuleåret 2024-2025, 32 kvinner og 16 menn, 3 tilsette slutta undervegs i skuleåret og 2 hadde lengre permisjonar.

2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Elektrofag (EL)	20	19		39
Helse- og oppvekstfag (HO)	6	10		16
Studiespesialiserande (ST)	26	27 (13)	49	102
Teknologi- og industrifag (TIF)	34	21		55
Påbygg (PB)			36	36
Total	86	77	85	248

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	16
---	----

Haram vidaregåande skule hadde ei normal oppfylling av dei fleste utdanningsprogramma skuleåret 2024-2025. Innanfor Vg1 og Vg2 2 Elektrofag og Teknologi- og industrifag finn ein også Vg1 og Vg2 elevane som går YSK. YSK-elevane på Vg3 og Vg4 nivå ligg under påbygg. I august og september opplever Haram vidaregåande skule at ein del elevar som ikkje hadde skulen som 1. val avsluttar skulegangen sin på skulen for å starte vidaregåande opplæring på ein anna skule. Dette året var det mange elevar på Vg1 HO og Vg3 PB som reiste til andre skular i starten av skuleåret. Innanfor Vg2 ST har Haram vidaregåande skule ansvaret for ei klasse som tar skuleåret i Skottland, desse er ikkje med i statestikken. Har lagt inn dei elevane i parentes.

Skulen opplever at søkinga til dei ulike utdanningsprogramma er varierende frå skuleår til skuleår. Innanfor dei yrkesfaglege utdanningsområda vi har berre ei Vg1 klasse, er det spesielt utfordrande å fylle opp Vg2 tilboda skulen tilbyr.

Haram vidaregåande skule hentar mesteparten, 65 % - 70 %, av elevmassen frå det naturlege geografiske nedslagsfeltet.

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	2023-24	2024-25	Fylket 2024-25
0 eller ingen	4%	3,5%	9,3%
0 - 25	3%	2,3%	3,0%
25 - 30	12,9%	17,4%	5,5%
30 - 35	15,8%	12,8%	11,5%
35 - 40	18,8%	14%	17,2%
40 - 45	17,8%	17,4%	21,7%
45 - 50	13,9%	12,8%	18,2%
Over 50	13,9%	19,8%	13,5%

2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Haram vidaregåande skule	42,6	42	40,9	39,2	39,7
Fylket	42,2	42,2	42,5	41,3	41,1

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Haram vidaregåande skule ser at elevane sine grunnskulepoeng er litt høgare dette skuleåret enn året før, og det trur vi kjem av at skulen ikkje hadde ekstra klasser dette skuleåret. Noko av nedgangen i grunnskulepoeng over tid trur Haram vidaregåande skule kjem av at grunnskulen korrigerer karakterane sine etter Korona-pandemien. Skulen opplever også ei dreining frå studiespesialiserande til yrkesfag. Elevar som søker til yrkesfag har i statistikken som skulen har tilgang til, lågare grunnskulepoeng enn elevar som søker til studiespesialiserande. Dette skiljet hadde mest truleg vore endå større hadde det ikkje vore for at YSK-elevane blir rekna innanfor yrkesfag.

3. Læringsmiljø



På figuren til venstre ser ein samla skår på alle læringsmiljøindikatorar for Vg3 nivået på Haram videregående skule. På Vg1 nivå ligg vi over snittet både til landet og fylket, medan vi er under snittet på Vg2. Det er dei same kategoriane vi skårar godt og mindre godt på kvart år. Vurdering for læring og elevdemokrati ligg under snittet, medan støtte frå lærar og læringskultur ligg over snittet.

Resultatet er grunnlag for refleksjon både i leiargruppa og blant dei pedagogiske tilsette for det er vurdering for læring og elevdemokrati/elevmedverking vi har hatt fokus på dei siste åra.

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Haram videregående skule arbeider kontinuerleg med dei ulike indikatorane i læringsmiljøet, og ein ser ulik skår frå år til år. Det som er mest urovekkande i elevundersøkinga er at mobbetala har auka dei siste åra, og i mange tilfelle har ikkje skulen kjennskap til dette. Ein klarer heller ikkje å skaffe seg kjennskap til kva som er utslagsgivande til dette i etterkant av undersøkinga heller. Det har ført til at skulen arbeider meir med førebygging no enn tidlegare, men ein har også fokus på gjere elevane meir robuste i tillegg. I etterkant av undersøkinga er det krevjande for både leiinga og lærarar at ein ikkje heilt får taket på kva det er som fører til auka som undersøkinga avdekker. Alle ønskjer at elevane skal ha eit godt og trygt skulemiljø.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-4 i opplæringslova	1
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 12-7 i opplæringslova	0

Skulen har utarbeidd ein aktivitetsplan etter § 12-4 i opplæringslova i skuleåret 2024-2025. Ein opplever ei aukande utfordring med elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø. Nesten alle desse sakene har utgangspunkt i elevane si fritid, og det er arbeidskrevjande undersøkingar og tiltak som må utførast. Haram vidaregåande skule har stor forståing for elevane sine opplevingar, men det kan vere vanskeleg å finne tilfredsstillande tiltak. Dei fleste sakene blir løyst ved samtale mellom elevar og kontaktlærar, og elevane vil ikkje gå vidare med det. Haram vidaregåande skule opplever skuleeigar som ein viktig og dyktig samarbeidspartnar i arbeidet med saker som handlar om elevane sitt skulemiljø.

For å betre læringsmiljøet har skulen innført 5 tverrfaglege dagar med fokus på kjerneelementa i læreplanen. Desse dagane har skulen sett på ulike tema som til dømes psykisk helse, kosthald, trening og økonomi. I tillegg har vi hatt fokus på medborgarskap og å skape forståing for andre menneske.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
--	-----

Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	7
Møter i skuleutval	3
Møter i skolemiljøutval (om skolen framleis har skolemiljøutval)	

Haram vidaregåande skule har gjennomført 3 møter i Skuleutvalet dette skuleåret. I tillegg til 3 elevar består dette utvalet av 2 samfunnskontaktar, 1 representant frå dei tilsette, 2 foreldrekontakter og rektor. Det har vore stort engasjement i skuleutvalet skuleåret 2024-2025, sakene som har skapt engasjementet er endring i tilbodsstruktur, forslag til å ikkje starte Vg1 ST skuleåret 2025 – 2026 og høyringa til ny tilbods- og skulestruktur.

Haram vidaregåande skulen har ein elevrådskontakt i leiinga som har dialog med elevrådet. Elevrådskontakta hjelper elevrådet med organiseringa og utgreiing av saker. På enkelte elevrådsmøter er rektor til stades. Elevrådet dette skuleåret arbeide hardt og målretta, og fekk uttalt seg om mykje.

Haram kommune og Haram vidaregåande skule har hatt eit godt samarbeid om avgangsmarkeringa skuleåret 2024 – 2025. Kommunen in SLT kontakt har hatt mykje av dialogen med elevane, så har rektor vore med på ein del felles møter. Avgangselevane seier at det har vore bra både for skulemiljøet og at dei har opplevd både medverknad og elevdemokrati.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2024-25, prosent	90,3%
--	-------

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Elektrofag	100%	94,7%		97,4%
Helse- og oppvekstfag	83,3%	100%		93,8%
Studiespesialiserande	84,6%	81,5%	98%	90,2%
Teknologi- og industrifag	91,2%	85,7%		89,1%
Påbygg			83,3%	83,3%
Total				90,3%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Haram vidaregåande skule	94,1%	88,7%	88,2%	90,9%	90,3%
Fylket	92,7%	91,5%	91,0%	90,8%	88,4%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Haram vidaregåande skule har ei målsetting om meir enn 90 % gjennomføring, for dette skuleåret hadde skulen ei gjennomføring på 90,3 %. Dei 13 elevane som gjekk Vg2 ST i utlandet er ikkje rekna med, og alle dei gjennomførte, så derfor er skulen endå litt høgare enn 90,3%. Det er ein tydelig positiv samanheng mellom 1. prioritetssøkarar, inntakspoeng og gjennomføring.

Haram vidaregåande skule vil kommentere ein del punkt som påverkar vår gjennomføring. Det første punktet er elevar som startar på vidaregåande opplæring med ingen eller mangelfull opplæring i engelsk og/eller norsk. I år hadde vi nokre elevar som ikkje fekk bestått i engelsk og/eller norsk på grunn av dette. Punkt nummer to er forskjellen på gjennomføringa innanfor Real FAG (REA) og Språk, samfunnsfag og økonomifag (SSØ). Vi har langt fleire elevar som stryk til eksamen innanfor REA enn SSØ. Haram vidaregåande skule har mange REA-elevar, noko som til dømes påverkar resultatet på Vg2 ST. Punkt 3 har auka gjennomføringa, og det er at skulen har fått midlar gjennom Samfunnskontrakta. Elevar innanfor yrkesfag har fått ei tettare oppfølging i utplasseringsperiodar og på skulen. Nokre elevar var til dømes utplassert i feriar for å komme under fråværgrensa.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Elektrofag	4,29
Helse- og oppvekstfag	4
Studiespesialiserande	4,05
Teknologi- og industrifag	3,94
Påbygg	3,96

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Haram vidaregåande skule	4,15	4,10	4,04	4	4,05
Fylket	4,26	4,24	4,21	4,20	4,19

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Dei siste åra har Haram vidaregåande skule hatt eit litt lågare karaktersnitt enn fylket. Sluttvurdering har vore diskutert i kollegiet, og det er ganske stor semje i kollegiet om at karaktersetjinga ikkje er for streng. Skuleåret 2022-2023 hadde vi eit avvik på -0,73 karakterpoeng frå standpunkt til eksamen og dette avviket i 2023-2024 er redusert til -0,42 karakterpoeng og det er det same avviket i 2024 – 2025. Resultatet på grunn av NUS eksamenar er betra til – 0,35 karakterpoeng for skuleåret 2023 – 2024. Det er forskjell mellom standpunktvurdering og eksamensvurdering, men skulen meiner likevel at det er positivt at avviket ikkje er for stort.

Forskjellen i snittkarakter mellom utdanningsprogram meiner skulen må sjåast i årsakssamanheng med inntakspoeng til dei ulike utdanningsprogramma.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	8,4	20,2	6,6%
Vg1	10	22,3	7,6%
Vg2	6,9	18,7	5,7%
Vg3	8,2	18	6,5%
Vg4			

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Haram vidaregåande skule	1,7%	2%	6%	6%	6,6%
Fylket	2,4%	2,7%	6,5%	6,9%	7,7%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Fråværet før 2019 var på om lag 4 %, og målsetjinga for skulen er å nærme seg den prosenten igjen. Skuleåret 2024–2025 har skulen er fråværsprosent på 6,6 %, noko som er ei auke frå førre skuleår. Fråværet er lågast på Vg2 nivå og høgast på Vg1 nivå. At fråværet på Vg1 nivå er høgare enn på Vg3 nivå er ikkje som tidlegare år, fråværet brukar og vere høgast for dei elevane som er over 18 år. Men fråværet på Vg1 skuleåret 2023 – 2024 var lågare enn normalt, og det kan sjå ut som at dei elevane tar med seg dei gode vanane opp eit nivå.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2024–25

Prosent	Tal
1,6%	4

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2020–21	2021–22	2022–23	2023–24	2024–25
Haram vidaregåande skule	2,4%	4,5%	4,3%	1,6%	1,6%
Fylket	2,2%	3,1%	3,1%	3,1%	3,0%

4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Skuleåret 2024 – 2025 var det berre 4 elevar som slutta på skulen, noko som er det same som året før. Noko som er lågare enn åra før og litt lågare enn fylket totalt. Den viktigaste grunnen til dette er tiltaka som vart sett i gang for elevar på yrkesfag som har hatt ulike utfordringar. Midlane som har vorte tilført skule har ført til at samarbeidet mellom skulen og ulike organisasjonar, bedrifter, institusjonar og etatar har nok vore avgjerande for at enkelte elevar ikkje har slutta. Bruken av andre læringsarenaer enn skulen er i enkelte tilfelle positiv for at elevar ikkje skal slutte. Men Haram vidaregåande skule ser også at utplassering kan vere utfordrande for sårbare elevar.

4.5 Overgangar

Haram vidaregåande skule har fleire møtepunkt med ungdomsskulane i kommunen og i nærliggande kommunar. Haram kommune har eit rådgjevarnettverk vi får delta i, og gjennom det samarbeidet får vi god informasjon som kan vere til hjelp for elevane i overgangen mellom grunnskulen og vidaregåande opplæring. Skulen har deltatt på karrieredagen i Sparebanken Møre arena, gjennomført utdanningsval, arrangert open dag og lærarar og elevar på Haram vidaregåande skule har deltatt på arrangement i regi av ungdomsskulane der dei fortel om skulen og utdanningsprogramma våre. Skulen opplevde endringane i innsøkinga til vidaregåande opplæring som krevjande både for oss som skule, men også for dei nærliggande ungdomsskulane. Dette trur vi blir betre neste skuleår.

Skulen samarbeider også mykje med det lokale opplæringskontoret i arbeidet med overgangar, både mot grunnskulen og inn mot våre eigne elevar på yrkesfag. Alle elevar som går Vg2 yrkesfag på skulen er utplassert 6 veker i YFF-faget, og dei fleste elevane på Vg1 yrkesfag er utplassert i 3 veker. For elevane på studieførebuande deltek vi på open dag på NTNU i tillegg til at vi har besøk av ulike høgskular og universitet. For skuleleiinga og lærarane innanfor studieførebuande prøver ein å få til ei næringsnær tilnærming til fleire programfag, men at samtidig tar i bruk arbeidsmetodar som vil vere til hjelpe ved høgare utdanning.

Statistikk frå skuleåret 2024–2025 viser at 96,2% av elevane på Vg1 ST går vidare til Vg2 ST og på Vg2 ST går 100 % vidare til Vg3 nivå. I overgangen frå Vg1 YF til Vg2 YF er 86,7 % som går vidare med normal progresjon. Når det gjeld overgangen frå Vg2 YF går 74 % til lærlingkontrakt, om lag 12 % går vidare til påbygg og 14 % er ikkje i eit utdanningsløp dette skuleåret.

5. Leiing og profesjonsutvikling

Haram vidaregåande skule starta skuleåret med konst.rektor som følgje av at rektor blei pensjonist, ny midlertidig avdelingsleiar innanfor EL, TIF og YSK, ein avdelingsleiar som skulle ut i pensjon midt i skuleåret og ein rutinert avdelingsleiar. Det var mange nye oppgåver som skulle lærast og prioritet av ressursar var krevjande. Frå 1.1.2025 vart rektor også avdelingsleiar for ei avdeling sidan skulen ønska å prøve ut ein ny leiarstruktur som følgje av endra søkemønster hos elevane og skulen sine økonomiske rammer. Godt samarbeid, endra arbeidsoppgåve og ved hjelp av merkantil tilsette kom ein i mål. Ein vel likevel å utvide leiargruppa til neste skuleår på grunn av høgt arbeidspress.

Profesjonsutviklinga hos dei tilsette blir ivaretatt av både leiinga, fagkoordinatorar og gjennom at mange lærarar tar vidareutdanning gjennom ordninga kompetanse for kvalitet. Haram vidaregåande skule hadde fokus på inkluderande læringsmiljø og KI, og ein gjennomførte fleire kompetansehevande tiltak innfor desse områda. Lærarane likar å samarbeide i seksjonane sine, og gjennom skuleåret hadde dei også meir samarbeid på tvers av seksjonane enn tidlegare år. Planlegging og gjennomføring av dei 5 tverrfaglege dagane var utført på tvers av seksjonar. I tillegg er det mange av skulen sine lærarar som deltek i både sentralt og lokalt sensurarbeid, og gjennom deltakinga får dei nye impulsar.

Haram vidaregåande skule var i skuleåret 2024 – 2025 gjennom ein ganske stor overtalsprosess. Dei tilsette som var med i den prosessen reagerte svært ulikt på den, og det blir viktig for leiinga å følgje opp dette, slik det ikkje går utover korleis ein utviklar profesjonsfellesskapet inn i det nye skuleåret.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no